



«Intimkonsert» innandørs

Regn og vind gjorde sitt til at Tomrefjord Småbåtlag måtte tenke alternativt då dei inviterte til gratiskonsert med Bjørns Orkester midt i verste uværsbygene laurdag ettermiddag.

Av Cecilie Aas Uren

At Bjørns Orkester er populære i Tomrefjord er det ingen tvil om. Regnværet stoppa ikkje rundt 70 personar frå å møte opp til utekonsert på ettermiddagen, som i siste sekund måtte flyttast innandørs på småbåthamna.

Arrangørane bar stolar til den store gullmedalje då dei beslutta at dei måtte flytte konserten inn på grunn av været. Det skulle ikkje mangle på komforten til dei mange som hadde møtt fram, og om det vart trang om plassen, skapte det ei hyggeleg atmosfære under den vesle «intimkonserten». Bjørns Orkester tok det heile på strak arm, utan mikrofon

og ein del anna teknisk utstyr dei vanlegvis nyttar. Men dette la ingen dempar på stemninga, snarare tvert i mot.

Etter mykje god musikk var det maten som stod for tur. 1000 fiske- og seikaker, 30 liter brunos og tilbehør måtte til for å mette både tilreisande og konsertpublikum. Middagen var sjølvstaga laga heilt frå grunnen, fiska i Tomrefjorden og filetet og tilberedt av flittige dugnads-sjeler.

Seinare på kvelden var det utedans med same orkester. Leiar i Tomrefjord Småbåtlag, Jarle Lid, er imponert over kor mange som kom på dans, vêret tatt i betraktning.

– Det var 335 betalande i år, mot 600 i fjor. Men med tanke på vêret, kan ein ikkje kalle dette anna enn ein suksess. Eg synes det er flott at folk kjem på utedans i slikt eit vêr, skryt Lid, som også kan fortelje at det kom omtrent like mange tilreisande med båt og bobil som i fjor.

I august er det klart for nok ein utedans, då med «Team» på scena ved småbåthamna.

Bjørns Orkester fekk med seg publikum på ein real applaus for innsatsen Jarle Lid & co. hadde lagt ned. Frå venstre Jarle Lid, Bjørn Kalvatsvik, Jan Erik Bang Småge, Mathias og Johnny Kalvatsvik.



Rolf Vik og Jan Kåre Vik bringer fiskekakene frå kjøkkenet til teltet, der rundt 100 middagar vart servert.

Munter tone mellom Jarle Lid og Mathias Kalvatsvik, som vart så rørt av den gode mottakinga på hamna at Jarle Lid måtte til med handduk for å tørke tårar.



Triveleg stemning inne på hamna, medan regnet og vinden fekk herje i fred utanfor.

Anne Kristin Gjærset, Wenche Lid og Anne Karin Vik ved grytene.

